



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 16.09.2015

Vår ref.: 2014/5832

Arkivnr.: 520

Kommunane i Rogaland

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Rutinar for informasjonsutveksling av dyrevelferdssaker

Mattilsynet og Landbruksdirektoratet (tidlegare Statens landbruksforvaltning) har utarbeidd retningslinjer for utveksling av informasjon i dyrevelferdssaker. Desse retningslinjene kom på plass 07.05.2014. Etter desse retningslinjene skal Mattilsynet sende kopi av bestemte vedtak til kommunane og fylkesmennene. Vår erfaring her i Rogaland var at vi fekk svært få kopiar av saker frå Mattilsynet.

Fylkesmannen inviterte Mattilsynet regionalt til møte for å drøfte desse retningslinjene. Vi blei samde om å kome med ei presisering til desse retningslinjene. Mattilsynet har ansvar for å gjere desse presiseringane kjent for sine saksbehandlarar lokalt. Fylkesmannen har ansvar for å gjere presiseringane kjent for kommunane i Rogaland.

Det er Mattilsynet som har ansvar for å gjere vedtak om brot på dyrevelferdsregelverket. Kommunane har ansvar for å følgje opp brot på dyrevelferdsregelverket ved behandling av søknader om produksjonstilskot og avløysartilskot jf. § 11 i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket.

Her er dei presiseringane som Fylkesmannen i Rogaland og Mattilsynet regionalt er samde om:

Presisering av rutinar for informasjonsutveksling i dyrevelferdssaker

Mattilsynet og Statens landbruksforvaltning har i samarbeid utforma retningslinjer for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltninga i dyrevelferdssaker. Retningslinjene kom på plass 07.05.2014. For å sikre best mogleg oppfølging av denne avtalen, og at det er dei rette sakene som blir formidla mellom forvaltningsorgana, ønskjer vi med dette skrivet å konkretisere kva saker det skal informerast om. Denne konkretiseringa er utarbeidd i samarbeid av Fylkesmannen i Rogaland og Mattilsynet region Sør og Vest.

Informasjon frå Mattilsynet til kommunen og Fylkesmannen

Ved brot på dyrevelferdslova skal Mattilsynet informere både Fylkesmannen i Rogaland og landbruksforvaltninga i den kommunen føretaket høyrer til.

Mattilsynet skal sende kopi av vedtak til kommunen og Fylkesmannen i desse sakene:

- **Hastevedtak**

Det skal ikkje sendast kopi av alle hastevedtak. Der det er snakk om enkeltdyr som treng rask behandling eller avliving, men der resten av besetninga er ok, er dette som hovudregel ikkje saker det er nødvendig å informere om. Føresetnaden er at føretaket følgjer opp vedtaket.

Der Mattilsynet finn dårlege tilhøve hos ein større del av besetninga, bør kommunen og Fylkesmann få kopi av vedtak. Såkalla dyretragediar skal det alltid informerast om.

- **Hastevedtak – gjentak**

Dersom føretaket tidlegare har hatt hastevedtak og Mattilsynet ved nytt tilsyn finn tilhøve som krev hastevedtak, så skal Mattilsynet sende kopi av vedtaket til kommunen og Fylkesmannen.

- **Saker der produsenten ikkje har retta seg etter pålegg innan fastsett frist**

Mattilsynet bør vurdere om det er truleg at føretaket vil retta seg etter nye pålegg basert på Mattilsynet sine egne verkemiddel. Ser Mattilsynet det som lite truleg at nye pålegg/tvangsmulkt vil vere til hjelp, bør kommunen og Fylkesmannen informerast. Det skal informerast om saker der føretaket ikkje viser vilje til å rette seg etter pålegg/vedtak. Der pålegga gjeld meir alvorlege og omfattande saker, skal det informerast også første gang pålegg blir gitt.

- **Saker som gjeld avvikling og aktivitetsnekt**

Det skal informerast om alle saker der Mattilsynet varslar at dyrehald skal avviklast eller der det blir varsla om aktivitetsnekt. For at landbruksforvaltninga skal kunne handtere desse sakene, er det viktig å få kjennskap til sakene tidleg. Det skal også informerast når det faktisk har blitt vedteke aktivitetsnekt eller avvikling.

- **Saker som blir melde til politiet**

Det skal informerast om alle saker der brot på dyrevelferdslova blir meldt til politiet. Føresetnaden er at Politiet har uttalt seg om at det er i orden å vidareformidle desse opplysningane.

- **Andre saker landbruksforvaltninga bør ha kjennskap til**

Det bør informerast om saker der det blir stadfesta at mosjonskravet for storfe på 8 veker ikkje er oppfylt, og om saker der det er gitt dispensasjon frå mosjonskravet. Mattilsynet bør elles vurdere om det er saker landbruksforvaltninga bør kjenne til.

For rettleiing om korleis kommunen/Fylkesmannen skal handsame slike saker, blir det vist til forskrift om produksjonstilskot § 11 og rettleiing til denne gitt i rundskriv frå Landbruksdirektoratet. Det er viktig at slike saker blir følgt godt opp.

Informasjon frå kommunen eller Fylkesmannen

Bekymringsmeldingar kan sendast via Mattilsynet sine nettsider. Hastesaker som ikkje kan vente til neste dag skal varslast til Mattilsynet på telefon.

Kommunane og Fylkesmannen skal informere Mattilsynet om følgjande:

- Varsle i tilfelle der kommunen eller Fylkesmannen er på kontroll, får tips, eller av andre årsaker mistenker brot på dyrevelferdsregelverket.

- Tilfelle der kommunen eller Fylkesmann kjenner til at føretak har fått vedtak om avvikling eller aktivitetsnekt, men det likevel blir søkt om tilskot til husdyr.

Kontaktmøte FM og MT

Det blir lagt opp til eitt møte i året mellom Fylkesmannen i Rogaland og Mattilsynet sitt regionskontor. Føremålet med møtet er å få oversikt over aktuelle og relevante saker det blir arbeidd med i Mattilsynet for den aktuelle tidsperioden, diskutere korleis vi kan samarbeide om aktuelle saker, samt andre relevante tema for den aktuelle perioden. Gjennom jamlege kontaktmøte får vi også evaluert korleis informasjonsutvekslinga fungerer og kan gjere tiltak om nødvendig.

Fylkesmannen i Rogaland ønskjer ein låg terskel for møte mellom Fylkesmannen og Mattilsynet, og er positive til å delta på møter i MT for å informere om regelverket for å handtere dyrevernsaker i tilskotssamanheng.

Kontaktmøte MT og kommunane

Vi vil oppmode om at det blir etablert eit godt samarbeid mellom landbruksforvaltninga i kommunane og dei tilsette hos Mattilsynet som har ansvar for tilsyn i dei aktuelle områda. Det må vere låg terskel for kontakt. FM og MT vil oppmode til at det blir etablert jamlege kontaktmøter også på lokalt nivå. Dette kan vere kommunevis eller regionvis.

Dialogmøte MT, FM og kommunane

Mattilsynet vil bli invitert til eit årleg møte som Fylkesmannen arrangerer for landbruksforvaltninga i kommunane.

I alvorlege dyrevernsaker bør det vurderast om kommunelegen skal kontaktast.

Dette skrivet vil bli vurdert fortløpande og endra ved behov.

Med helsing

Hadle Nevøy
landbruksdirektør

Sissel C. Endresen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Sissel C. Endresen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 60
E-post: fmrosce@fylkesmannen.no

Vedlegg:

- Retningslinjer for utveksling av informasjon i dyrevelferdssaker

Kopi til:
Landbruksdirektoratet Postboks 8140 dep. 0033 OSLO